

VEDTEKTER FOR NÆRINGSFOND I SULDAL KOMMUNE

Vedtekter for næringsfond i Suldal kommune i høve utbygginga Ulla-Førre, med tillegg av dei årlege konsesjonsavgiftsmidlane kommunen får frå Hydro Energi Røldal-Suldal, *gjeldande frå 9. februar 2000.*

§ 1 Heimel, kapital og avkastning.

Næringsfondet er oppretta ved Kgl.res. av 13.09.74.

a. Fondskapitalen er:

Grunnkapital på 10 mill. kroner innbetalt av staten (Statkraft) i medhald av post 8 i konsesjonsvilkåra for Ulla-Førre utbygginga, og seinare tilførde midlar.

Fondepitalen kan berre nyttast til lån, også ansvarlege lån, og/eller avsetjast til garantifond

b. Avkastninga er:

Årlege konsesjonsavgifter som vert innbetalte av staten (Statkraft) i medhald av post 2 i konsesjonsvilkåra for Ulla-Førre utbygginga og dei årlege konsesjonsavgiftsmidlane kommunen får frå Hydro Energi Røldal - Suldal i medhald av Kgl.res.av 10. desember 1962.

Renter og anna avkastning av fondskapitalen.

Avkastninga kan nyttast til tilskot og lån.

§ 2 Føremål.

Fondet skal nyttast til tiltak som kan fremja næringslivet og busetnaden i Suldal kommune. Fondet skal fortinnsvi nyttast til å fremja etablering av ny næringsverksemd og til vidareutvikling av eksisterande verksemder, men kan og nyttast til kommunale tiltak.

Fondet kan nyttast til å støtta prosjekt med lågare kapitaltrøng enn det som er aktuelt for finansiering frå distriktpolitiske verkemiddel som vert forvalta av fylkeskommunen.

Prosjekt som bidrar til å betra sysselsetingsmoglegheitene for kvinner og ungdom skal prioriterast.

Det kan ikkje gis støtte til løpande drift av verksemder og kommunen.

Det kan ikkje gis støtte til sanering av gjeld i private verksemder. Dette utelukkar ikkje støtte frå fondet ved refinansiering av ei verksemd etter gjennomført gjeldssanering.

§ 3 Støtteformer.

Støtte frå fondskapitalen kan gis i form av lån.

Det vil og kunna stillast garanti for (inter)kommunale tiltak i den grad slike tiltak er gyldige garantiføremål i samsvar med kommunelova § 51.

Det samla garantiansvaret til fondet må ikkje overstiga fire gonger garantifondet.

Frå avkastninga kan det gis tilskot og lån.

Midlane bør ikkje nyttast til aksjeteikning i private verksemder. Dersom det vert teikna aksjer, kan ikkje dette utgjera meir en 30 % av aksjekapitalen i verksemda. Denne avgrensinga gjeld ikkje utviklingssekkap, utleigebygg o. l. som kommunen etablerer åleine, eller i samarbeid med private interessentar.

§ 4 Støttevilkår.

Samla finansiering frå fondet til private næringstiltak skal som hovudregel ikkje overstiga 50% av det totale kapitalbehovet for eit prosjekt.

Ved prosjekt av særleg betydning for kvinner og ungdom, og ved nyetableringar kan det gis inntil 75 % finansiering.

Maksimal bagatellmessig støtte (tilskot og eventuelt subsidieelement i lån med nedsett rente) må liggja innafor ei samla grense på 100 000 EURO (omrekna i høve til referansekurs fastsett av ESA -EFTA's overvåkingsorgan – kvart år.) til ei og same verksemd i ein treårsperiode.

Versemder som mottar støtte pliktar å opplysa om at støtte er mottatt frå næringsfondet ved søknad om eventuelt ytterlegare støtte frå offentlege midlar innan utløpet av treårsperioden (det vises til EØS- avtalen sitt regelverk for offentlig støtte, reglane for bagatellmessig støtte (de minimis)).

Rente på utlån frå fondet skal svarast etter dei satsar kommunestyret til ei kvar tid vedtek.

Tiltak med kapitaltrøng/investeringskostnad mindre enn kr.500.000,- vert ikkje innvilga lån. Storleiken på denne summen vert indeksregulert kvart andre år med utgangspunkt i konsumprisindeksen pr. 01.01.94.

For bygg og faste anlegg kan avdragstida vera inntil 20 år og inntil 10 år for maskinar og andre rørlege driftsmiddel, alt etter venta levetid.

Fondsstyret kan gjera vedtak om at lån skal vera rente- og avdragsfrie for avgrensa tidsrom – likeeins vedtak om prioritetsvik.

§ 5 Tilhøvet til internasjonale forpliktingar på statsstøtteområdet.

Bruken av fondet skal vera i samsvar med dei internasjonale regelverka Norge har slutta seg til på statsstøtteområdet.

§ 6 Forvaltning.

Styre:

Fondet blir forvalta av eit styre vald av kommunestyret i samsvar med reglane i § 10 i kommunelova av 25.09.92, og skal ha 5-9 medlemmer etter kommunestyret si nærare avgjerd.

Styret er vedtaksført når minst halvparten av medlemmene er tilstades, og som styret si avgjerd gjeld det som fleirtalet blant dei møtande har røysta for. Står røystene likt, gjeld det som leiaren har røysta for. For gyldig styrevedtak vert det kravd minst 3 røyster.

Kapitalen:

Fondsstyret ser til at kapitalen gir ei forsvarleg renteavkastning, og at realverdien i fondet ikkje vert redusert frå eit år til eit anna. Turvande kapital må kunna nyttast på kort varsel.

Av fondskapitalen vert sett av 10 % til eit urørleg grunnfond (garantifond).

15 % av avkastninga vert årleg sett av til eit sikringsfond, som skal nyttast til å dekkja eventuelle tap på lån og garantiar.

Denne avsetjinga skal gjerast inntil sikringsfondet utgjer i storleik lik 20 % av samla lån og garantiansvar. Manglar midlar i sikringsfondet til dekning av slike tap, vert posten overført til dekning over seinare års rekneskap. Summen må då mellombels dekkast av fondsmidlar.

Anke/ klage/ delegasjon:

Mindretalet i fondsstyret kan anka inn ei avgjerd for kommunestyret. Elles gjeld reglane i kommunelova § 59 om lovlighetsklage, og reglane i forvaltningslova kap. 5 om klagerett på enkeltvedtak ved avslag på søknad om støtte. Kommunestyret kan til eikvar tid annullera gitte delegasjonsfullmakter.

Utbetalinga av lån:

Tilsagte lån skal i regelen betalast ut mot tinglyst panteobligasjon og på grunnlag av tilsendte attestar, byggjerekneskap eller kvittering for betalte anleggsmidlar. I særlege tilfelle kan utlån betalast ut etter førebels byggjerekneskap.

Når byggjerekneskapet/ faktiske kostnader for tiltaket er mindre enn grunnlaget for søknaden, skal tilsagt sum reduserast høvevis (til fastsett prosentsats av kostnadane). Eventuelt overskytande lånebehov må fremjast i tilleggsøknad.

Budsjett / rekneskap:

Budsjett og rekneskap for fondet vert lagt til det budsjettet og den rekneskapen som kommunen fører, og skal vera i samsvar med føresegnene for dette. Som vedlegg til budsjett og rekneskap skal det setjast opp eit samla oversyn over fondet sine inntekter, utgifter og balanse.

§ 7 Årsmelding

Det skal kvart år leggjast fram for kommunestyret ei melding om bruken av fondet. Denne meldinga skal leggjast fram samstundes med rekneskapsavslutninga for kommunen.

Meldinga bør innehalda både rekneskap / prosjektoversyn og ei analyse av bruken av fondet i lys av prioriteringane i kommuneplanen / kommunedelplan for næringsutvikling, og ei vurdering av trongen for å endra prioriteringane for neste års bruk av fondet.

Kopi av denne meldinga skal sendast fylkesmannen og fylkeskommunen.

§ 8 Godkjenning av vedtekter

Vedtektene kan endrast etter vedtak av kommunestyret.

Vedtaket treng godkjenning av fylkesmannen, og kopi av godkjende vedtekter skal sendast fylkeskommunen.

Kommunestyret kan anka fylkesmannen si avgjerd til kommunal og arbeidsdepartementet.